

Fanebust 2017-04-05

Spørsmål /kommentar vedrørende 17/8353 - Søknad om oppretting / endring av matrikkeleining - gbnr 106/12 Fanebust

Ser på Lindås Kommune sine nettsider at det i byggesaka om Fanebust småbåthamn blir søkt om oppmåling av tomtene til dei aktuelle bustadane. Sidan eg er nabo og driv garden som grensar til det aktuelle utbyggingsområde vil eg gjerne vete litt meir om at det blir søkt om tilknytning til kommunalt vatn og kloakk. I og med at utbyggjar må krysse min eigedom på ein eller annan måte for å kople seg på det kommunale vassverket vil eg gjerne vete kvar denne traseen er tenkt å gå. Det er på ingen måte noko einigheit eller avtale med utbyggjar om dette. Ein annan ting eg òg vil kommentere er kapasiteten på vassleidningen som ligg til nedre del av Fanebust. I dag ligg det ein 2" leidning som forsyner 12 bustadar i tillegg til det kommunale renseanlegget. Eg stiller meg svært undrande til om denne leidningen kan ha kapasitet til 10 bueiningar til, sidan det allereie i dag er nokon av dei mest høgtliggjande husa som slit med lavt vasstrykk til tider.

Håpar på nokon oppklarande svar i denne saka.

Mvh: Marius Rødland